



Mastergradsstudent Ingebjørg Haugland med rifle på Svalbard.

I serien vår med innlegg frå Svalbard er vi no komne fram til Ingebjørg Haugland som er student på UNIS i Longyearbyen. Ho er mastergradstudent i geologi. Oppgåva handlar om Folgefonna og skal leverast før jul i år. Artikkelen hennar med bilete har før vore publisert i Grenda. Åse Hjetland Bringedal var student på UNIS i år 2000. Ho var tilbake i 2001 og 2002 for å gjera ferdig feltarbeidet og skriva hovudfaget. Tema var: Paleoklima siste 4000 år. Åse var også studentrepresentant i styret for UNIS.

Mastergraden i geologi starta for min del med eit semester ved universitetssenteret på Svalbard (UNIS). Nærare tre månadar som innbyggjar i Longyearbyen har vore spanande, lærerikt og gjeve nyttige erfaringar. Longyearbyen er med i overkant av 2000 fastbuande den største busetnaden på Svalbard og skil seg frå alle andre stadar eg har set før. Her er snøskuterar meir vanlege enn bilar. Vegane har nummer – ikkje vegnamn, turbukse og ullgenser er kleskoden på skulen og rifle er obligatorisk på tursekken.



UNIS er Universitetssenteret på Svalbard med tilbud om realfagstudie i ulike fagområde.

I tillegg har skilnaden i dagslys gjeve stort inntrykk. Då eg landa midt på dagen 1. februar var det så mørkt at ein knapt kunne sjå fjella som ligg kring byen. Gatelysa stod på dagen lang, og alle gjekk rundt i refleksvest. Fleire kveldar og netter kunne vi sjå nordlys som dansa over himmelen. For ein vestlending var det spesielt å spennast på seg skia og gå på tur midt på natta medan det grønne lyset beveigde seg over himmelen.

Frå nærast polarnatt-mørke vart det raskt lysare, og ein kunne merka stor skilnad frå dag til dag. Utover februar, før sola vart synleg på himmelen, var det anten blått som ein blåtime eller eit flott rosaskjær på himmelen. Det var stor stas då sola for alvor kom til Longyearbyen. På soldagen 8. mars var heile byen samla ved den gamle sjukehustrappa for å markera at sola var kome attende. Etter at sola først kom har det lysna utruleg fort, og allereie frå 15. april er det midnattssol i Longyearbyen!



Nordlyskveld tysdag i denne veka. På bilete står Solveig og Veslemøy Haugland som var på besøk nokre dagar.

Å vera student på Svalbard har vore stas på mange måtar. Miljøet er svært internasjonalt og undervisninga feltbasert med høg fagleg kvalitet. UNIS er verdas nordlegaste utdanningsinstitusjon og vart grunnlagt i 1993.

Universitetscenteret driv forskning og undervising innafor arktisk biologi, geologi, geofysikk og teknologi. Det er ikkje mogeleg å fullføre ein heil grad på UNIS, men studentar har høve til å ta enkeltemne eller delar av utdanninga si her oppe. Eg tar mastergraden min ved Universitetet i Bergen, og kom opp for å ta to fag: *glasiologi* (læra om isbrear) og *snø- og snøskreddynamikk*.

Semesteret starta med eit tryggleikskurs over to dagar. Vi var på skytebanen og lærte sikker handtering av våpen, fekk opplæring på snøskuter og lærte elles om andre farar ein må ta omsyn til når ein ferdast utandørs i Arktis. I februar var det først og fremst kulda ein måtte tenkja på.

Vi erfarte fort at på kalde dagar vert både niste og drikkevatt stivfrose før første pause, og at ein bør unngå å stikka ei metallskei i munnen utan å røra i den varme maten først! I februar varierte temperaturen rundt 20 minus, med både varmare og kaldare dagar.

Longyearbyen har på grunn av permafrosten berre totalt 10 km med veg, men på vinterstid kjem ein seg lett rundt med skuter. Skulen har mange skuterar til bruk på feltarbeid, og ein heil avdeling av tilsette som arbeidar med logistikk, utstyr og trygg ferdsel i området kring byen.

I byen er det trygt å ferdast utan isbjørnbeskyttelse, men dersom ein skal på tur utanfor busetnaden, må ein ha med rifle og gjerne signalpistol i tilfelle ein skulle treffa på isbjørn. For at studentar skal kunna gå på eigne turar på kveldstid og helg, arrangerer skulen annakvar veke eit rifelotteri der ein kan søka om å få tildelt ei rifle og signalpistol til eige bruk i 14 dagar.

På tur med glasiologiklassen reiste vi og såg på ulike brear og gjorde diverse målingar. På tur mot Tempelfjorden og Tunabreen måtte vi ta tidleg lunsj då ei isbjørnmamma med to ungar var på veg over sjøisen. Vi heldt god avstand for å ikkje uroa bjørnane medan vi kikka på dei i kikkert. Ein anna tur gjekk til Scott-Turner breen der vi kartla og undersøkte ei fleire hundre meter lang isbregrotte. På feltkurs med ski til Foxfonna målte vi $-32,6$ C i lufta, og det vart ein heller mindre effektiv feltdag. Den dagen var vi heldige å bli plukka opp av ei beltevogn, og fekk varma opp frosne tær i ein garasje i Gruve 7.

Mot slutten av kurset var vi på dagstur med skuter til den russiske gruvebyen Barentsburg. Då vi nærma oss byen kom det Velkommen til Russland melding frå Telenor. I Barentsburg åt vi ein kraftig lunsj på hotellet og tusla rundt å kikka på flott natur, russiske bygg og den store Leninstatuen.

Medan glasiologiundervisinga var retta mot brear og klimaendringar på Svalbard, handla snøskredkurset meir om snøskred og skredfare i og rundt Longyearbyen. For å få ta kurset måtte ein ha med toppturski og sjølvsgagt skredutstyr, då feltdagane stort sett har vore skikøyring og graving av snøprofilar.

Siste helga i mars pakka vi ski på skutersleden og reiste på helgetur til Sveagruva. Akkurat no bur og jobbar det mellom 50 og 70 personar i Svea. UNIS hadde leigd rom frå gruveselskapet og vi fekk god mat i messa til gruvearbeidarane. Målet med turen var å utarbeida regionalt skredvarsel for området. I tillegg til å grave eit par snøprofilar fekk vi stått mykje på ski i knallsol og puddersnø. Utanom dagane i felt har undervisinga på UNIS vore forelesingar og gruppearbeid.

På fritida her oppe har det òg blitt mykje ski og turar. Dei fleste studentane er glade i å vera ute, og det er ikkje vanskeleg å finna nokon som vil vera med på tur. For min del er det no berre ei god veke igjen med lange lyse dagar, skiturar, snøprofilgraving og litt lesing fram mot eksamen. I påskeveka reiser eg frå midnattssola og heim til vår, grønt gras og masterprosjekt om smeltevatn på Folgefonna.

Tekst/foto: Ingebjørg Haugland
Nett: Kristian Bringedal



Scooter er den vanlege måten å ta seg fram på.